



Jostein H Hellestveit  
Mongstadvegen 667  
5955 Lindås

Saksbehandlar, innvalstelefon

Solveig Kalvø Roald, 5557 2327

## Tilsegn om tilskot til trua naturtypar 2019 - skjøtsel og vedlikehald av kystlynghei. Tyborgøy i Lindås

---

**Jostein H Hellestveit får tilskot til skjøtselstiltak i Lindås kommune. Tilskotet på 25.000 kroner blir utbetalt når vi har mottatt rapport for gjennomført tiltak.**

---

Vi viser til søknaden din om 55.000 kroner til skjøtsel av verdifull kystlynghei på Tyborgøy. Av desse skal 50.000 gå til arbeid, medan 5.000 skal gå til utstyr (del av sag og vinsj).

### Fylkesmannen si vurdering og vedtak

Dei tiltaka det blir søkt om tilskot til er i samsvar med skjøtselsplan for området og skjøtselsavtale mellom brukar og Fylkesmannen i Hordaland. Etter denne avtalen har du rett på følgjande tilskot:

Brennetilskot: Det er brent 25 daa lyng i 2018, à 350 kr	8.750 kr
Arealtilskot: 321 daa, à 50 kr	16.050 kr
Totalt tilskot runda til:	25.000 kr

Frå denne tilskotsposten får du dermed utbetalt kr 25.000. Vi har avgrensa med midlar til rådvelde, og har berre høve til å betale ut beløp i samsvar med satsar som er avtalt i skjøtselsavtalen som er nemnt over. Diverre har vi i år heller ikkje høve til å gje tilskot til utstyr. Midlane blir overførte til kontonummeret som var oppgjeve i søknaden når vi har mottatt sluttrapport for at arbeidet er gjennomført.

Når det gjeld naturmangfaldlova § 7 meiner Fylkesmannen at tiltaket, som har som føremål å ta vare på ein truga naturtype, ikkje har anna enn positive verknader på naturmangfaldet når det vert gjort i samsvar med skjøtselsplanen. Fylkesmannen ser difor ikkje grunn til å kommentere dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8 til 12 nærare.



### **Krav til rapportering og rekneskapsplikt**

Sluttrapport skal registrerast i elektronisk søknadssenter seinast 1. oktober 2019.

For dei som er rekneskapspliktige etter rekneskapslova, skal bilag takast vare på i minst 5 år etter avslutting av rekneskapsåret.

Riksrevisjonen og Fylkesmannen har rett til å føre tilsyn med at tilskotet vert brukt i samsvar med føresetnadene.

Tilskotet kan krevjast heilt eller delvis attende dersom det er utbetalt på feilaktige premissar.

### **Rett til å klage på vedtaket**

Vedtaket om tilskot kan klagast til Miljødirektoratet, jf. § 28 i forvaltningslova. Klagefristen er tre veker etter at dette brevet er motteke. Ein eventuell klage skal sendast via Fylkesmannen i Vestland.

Med helsing

Johannes Anonby  
seniorrådgjevar

Solveig Kalvø Roald  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:  
Lindås kommune